



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/273-1

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Eldreråd	06.03.2023	7/23
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2023	7/23
Oppvekst, kultur og idretts utval	07.03.2023	4/23
Helse og sosialutval	07.03.2023	3/23
Landbruk, miljø og teknisk utval	09.03.2023	5/23
Formannskap	15.03.2023	25/23
Kommunestyre	28.03.2023	13/23

Politisk organisering for kommunestyreperioden 2023-2027

Saksframlegg godkjent av kommunedirektørkommunedirektøren28.02.2023.

Bakgrunn for saka:

Ny kommunestyreperiode.

Innleiing

Me stend føre ein ny kommunestyreperiode, kommunedirektøren tek her opp spørsmålet om kommunen skal halde fram med gjeldande politiske organisering med 3 hovudutval – eller om ein skal gjere endringar.

Problemstillinga har vore drøfta i formannskapet, som var positive til at kommunedirektøren fremja ei sak om dette.

Uansett står nytt kommunestyre fritt til å gjere om på eventuelle vedtak som blir gjort i denne perioden. – eit kommunestyre kan når som helst ta opp eller legge ned politiske organ som ikkje er lovpålagte. Lovpålagte organ er:

- Kommunestyre
- Formannskap (er også arbeidsgjevar sine medlemmer av administrasjonsutvalet, klagenemnd, økonomiutval, næringsstyre og planutval – jf kommunelova og plan og bygningslova).
- Kontrollutvalet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFH)
- Eldrerådet
- Ungdomsrådet
- Skattetakstnemnd (takstutvalet) og overskattetakstnemnd (er LMT i denne perioden)

Kommunen må som minimum ha dei organa som er nemnde ovanfor, elles er kommunen fri til å organisere seg slik ein finn best.

Eit politisk organ må minst ha 3 medlemmer, kommunestyret må ha minst 11 medlemmer. Det er for seint å gjere endringar i talet på kommunestyremedlemmer for neste periode no.

Den generelle/overordna politiske grunngjevinga for organiseringa har vore å ha god demokratisk styring og kontroll i kommunen, og der alle vesentlege og viktige saker vert avgjort av politiske organ. Dagleg drift samt søknader/saker som ikkje er prinsipielle har vore delegert til administrasjonen.

Hovudutvalsmodellen har også verka som ein rekrutteringsbase til politisk arbeid der politiske nybyrjarar har fenge røynsle innafor eit avgrensa saksfelt som kvalifisering til tyngre politiske oppgåver. Ein politiskar er i starten kanskje særleg interessera i eitt avgrensa saksområde (brenn for ei spesiell sak) og viljug til å engasjere seg i eit sektorutval, og så ser ein etter kvart at 'alt heng saman med alt', og vert motivert for breiare politisk arbeid.

Arbeidsbyrda på den enkelte politiskar vert òg mindre når saksmengda vert fordela på fleire utval.

Modellen bidreg også til ei grundig sakshandsaming ved at administrasjonen fyrst gjer sine vurderingar og lagar tilråding. Denne tilrådinga vil i dei fleste saker vera likt med det vedtaket som ville vore gjort om kompetansen var delegert til administrasjonen. Deretter vert saka lagt ut offentleg gjennom sakskartet, og alle innbyggjarar og pressa kan lesa grunngjeving og framlegg til vedtak i forkant av ei avgjerd. Partane kan gå i dialog/påverke politisk nivå og det endelege vedtaket vil til slutt verta fatta på eit breiare grunnlag enn om ein fagperson i administrasjonen skulle gjort vedtaket åleine.

For både administrative og politiske enkeltvedtak er det høve til å klage, og ev klagehandsaming vil ytterlegare utvide grunnlaget for eit endeleg vedtak.

Ulempa med denne til dels omstendelige saksgangen er ressursbruken og at det kan ta tid for publikum å få svar.

Det er lovleg å ha eit felles råd for menneske med nedsett funksjonsevne og råd for eldre om partane (pensjonistlag og interesseorganisasjonane som er representert i kommunen), er samde i dette. Kommunedirektøren legg ikkje fram forslag om felles råd.

Vurdering

Hovudutvalsmodellen - der kvart utval har ein kommunalsjef å halde seg til, er i utgangspunktet god, men krev også noko meir ressursbruk både administrativt og politisk. Den krev god administrativ kapasitet til å førebu saker og setje dei politiske vedtaka og ynskja ut i livet.

Rekruttering til politisk arbeid synest å vere ei aukande problemstilling. Om dette er ei utfordring i Tokke er eg litt usikker på, men både færre hovudutval og færre medlemmer i kvart utval vil kunne bøte på dette.

Sentralt i vurderinga av politisk organisering er spørsmålet om delegering. Utan auka delegering til administrasjonen vil ein reduksjon i talet på politiske organ føre til auka saksmengde/arbeidsmengde for attverande utval. Ein måte å løyse det på er også å ha fleire møte i utvalet.

Om ansvaret for eit utval aukar er det også naturleg å vurdere politikargodtgjersla for medlemene.

Den demokratiske 'tryggleiksventilen' i dette er at alle administrative vedtak kan påklagast til politisk nivå (klagenemnda), samt at politisk nivå på eige initiativ kan gjera om administrative vedtak innafør forvaltningslova sine reglar.

Det finst ulike modellar rundt i kommunane på politisk organisering litt etter politisk prioritering av oppgåver og fokus. Å redusere talet på medlemmer i kvart hovudutval frå 7 til 5 vil spare 6 politikarar, medan å redusere med eit hovudutval vil gje ei «innsparing» på 7.

Talet på saker i dei ulike utvala for perioden 2020-2022 fordelar seg slik:

Utval	2020	2021	2022
Formannskapet	99	97	127
OKI	50	38	37
HSU	17	18	21
LMT	47	45	50

Formannskapet og LMT har nokre overlappande saksfelt innanfor plan og bygningslova og jordlova. Kommunedirektøren tilrår å legge ned LMT og legge oppgåvene til Formannskapet, samt slå saman OKI og HSU.

Arbeidsmengda (saksmengda) i eit nytt større hovudutval (HKO) vil venteleg bli om lag som summen av OKI og HSU – dvs 60-70 saker per år, og det vil vere naturleg å vurdere fleire møte per år i eit slikt utval. Det vil kunne bli kortare tid mellom møta og publikumsrelaterte saker vil kunne få stuttare sakshandsamingstid enn i dag.

Det same vil kunne gjelde for formannskapet, dvs om lag 50 fleire saker per år, og oftare møte bør vurderast.

Om kommunestyret fæler for at det vert for stor arbeidsbyrde på formannskapet sine medlemmer kan kommunestyret også gje formannskapet mynde til å skipe eit arbeidsutval under formannskapet med avgrensa delegerte fullmakter - til dømes sett saman av ordførar+varaordførar+leiar av opposisjonen. Kommunestyret kan også delegere mynde til ordførar eller auke delegeringsomfanget til kommunedirektøren til å gjere vedtak i enkeltsaker som ikkje er prinsipielle. Kommunelova gjev høve til dette – til dømes i plan og bygningssaker, næringssaker (inkl landbruk/jordlovssaker) og konsesjonssaker.

Kommunedirektøren legg då fram 2 alternative modellar for politiske organisering for neste kommunestyreperiode, og tilrår ein av desse. Andre alternativ kan vere å halde fram som i dag eller berre ha formannskap utan andre hovudutval. Då måtte ein ha ei eiga overskattetakstnemnd i tillegg.

Om kommunestyret gjer endringar i den politiske oppgåvefordelinga eller strukturen så må også delegeringsreglementet reviderast. Det skal uansett gjerast i starten av kvar kommunestyreperiode. I samband med denne revideringa er det naturleg å vurdere oppgåvefordelinga mellom formannskap og dei utval som måtte bli - samt delegering til kommunedirektøren, meir i detalj:

A. Formannskap + 1 hovudutval.

LMT-sakene vert lagt til Formannskapet, og HSU- og OKI-sakene vert lagt til eit nytt utval. Namnet bør sei publikum noko om oppgåvene til utvalet, så Helse- kultur og oppvekstutvalet – HKO kan vere ei aktuell nemning. HKO vert tillagt rolla som klageorgan for eigedomsskattesaker (overskattetakstnemnd), og får 9 medlemmer.

B. Formannskap + 2 hovudutval.

HSU og OKI vert slege saman, medan LMT held fram som no. LMT held fram som klageorgan for eigedomsskattesaker (overskattetakstnemnd). Kvart hovudutval får 7 medlemmer.

I modell A tilrår kommunedirektøren at talet på medlemmer i utvalet vert 9, slik at fleire kommunestyremedlemmer og ev små parti kan få plass. Kommunedirektøren føreslår ikkje endring i talet på medlemmer av formannskapet, men det er høve til å ha fleire enn 7.

Viss formannskapet gjer fleire enkeltvedtak med klagerett – som i dag vert gjort av LMT, så kan kommunestyret få tilsvarande fleire klagesaker til handsaming. Men eg vurderar dette til å vere få saker i praksis – og ikkje eit vesentleg omsyn som tilseier at LMT bør halde fram.

Kommunestyre si handsaming av sak 13/2023 i møtet den 28.03.2023

Røysting

Framlegg frå Jon Aslak Austjore, Sp:

Fremma vedtaket frå LMT: Politisk organisering som i dag, med HSU, OKI og LMT for å ivareta demokratisk medverknad og kontinuitet av faglege utval. LMT får nytt namn LMTP (landbruk, miljø og teknisk planutval). LMTP får delegert alle saker etter plan- og bygningslova frå Kommunestyret.

Framlegg frå Tove Palmork Haavelmoen, Ap:

Dagens politiske organisering med 3 fagutval OKI, HSU og LMT skal bestå.

Røysting over framlegget til Haavelmoen:

Vedteke med 15 - 6 røyster. Sverre Bakke, Ellen Ofte Jakobsen, Benedikte Nes, Jarand Felland, Thor Arne Heggveit og Geir Arild Djuve stemte imot framlegget.

Det var røysta over framlegget til Austjore:

Fall med 16 - 5 røyster. John Gunnar Staver, Britt Eide Lio, Torgrim Otterholt, Jon Aslak Austjore og Geir Arild Djuve stemte for framlegget.

Vedtak

Dagens politiske organisering med 3 fagutval OKI, HSU og LMT skal bestå.

Formannskap si handsaming av sak 25/2023 i møtet den 15.03.2023

Røysting

Tove P Haavelmoen, Ap fremma LMT sitt vedtak:

Politisk organisering som i dag, med HSU, OKI og LMT for å ivareta demokratisk medverknad og kontinuitet av faglege utval. LMT får nytt namn LMTP (landbruk, miljø og teknisk planutval). LMTP får delegert alle saker etter plan- og bygningslova frå Kommunestyret.

Sverre Bakke, Sp fremma alt B i kommunedirektøren si tilråding:

Formannskap + 2 hovudutval. HSU og OKI vert slege saman, medan LMT held fram som no. LMT held fram som klageorgan for eigedomsskattesaker (overskattetakstnemnd). Kvart hovudutval får 7 medlemer.

Det var røysta over framlegget til Bakke mot kommunedirektøren si tilråding:

Framlegget til Bakke vart vedteke med 5 - 2 røyster. Jarand Felland og Thor Arne Heggveit stemte imot.

Så røysting over framlegget til Bakke mot framlegget til Haavelmoen:

Framlegget til Bakke vart vedteke med 6 - 1 røyster. Tove P Haavelmoen stemte imot.

Vedtak

Formannskap + 2 hovudutval. HSU og OKI vert slege saman, medan LMT held fram som no. LMT held fram som klageorgan for eigedomsskattesaker (overskattetakstnemnd). Kvart hovudutval får 7 medlemer.

Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 5/2023 i møtet den 09.03.2023

Røysting

Felles framlegg frå LMT:

Politisk organisering som i dag, med HSU, OKI og LMT for å ivareta demokratisk medverknad og kontinuitet av faglege utval. LMT får nytt namn LMTP (landbruk, miljø og teknisk planutval). LMTP får delegert alle saker etter plan- og bygningslova frå Kommunestyret.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Politisk organisering som i dag, med HSU, OKI og LMT for å ivareta demokratisk medverknad og kontinuitet av faglege utval. LMT får nytt namn LMTP (landbruk, miljø og teknisk planutval). LMTP får delegert alle saker etter plan- og bygningslova frå Kommunestyret.

Helse og sosialutval si handsaming av sak 3/2023 i møtet den 07.03.2023

Røysting

Framlegg frå Tor Øystein Gravdal, Ap:

Behalde dagens politiske struktur.

Framlegg frå Ellen Ofte Jacobsen, KrF:

Kommunedirektørens framlegg B – formannskap og 2 hovudutval.

Det var røysta over framlegget til Gravdal mot framlegget til Jakobsen.

Framlegget til Gravdal var vedteke med 3 - 2 røyster. Ellen Ofte Jacobsen og Anne Irene Anundskås stemte imot.

Vedtak

Behalde dagens politiske struktur.

Oppvekst, kultur og idretts utval si handsaming av sak 4/2023 i møtet den 07.03.2023

Røysting

Felles framlegg frå OKI:

OKI ønskjer å halde fram med organisering som i dag.

Framlegget frå OKI blei samrøystes vedteke

Vedtak

OKI ønskjer å halde fram med organisering som i dag.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 7/2023 i møtet den 08.03.2023

Røysting

Framlegg frå RFH:

RFH vil tilrå at kommunen held fram med 3 fagutval i neste kommunestyreperiode.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

RFH vil tilrå at kommunen held fram med 3 fagutval i neste kommunestyreperiode.

Eldreråd si handsaming av sak 7/2023 i møtet den 06.03.2023

Røysting

Framlegg frå Eldrerådet:

Eldrerådet tilrår at den politiske organiseringa blir som i dag med 3 hovudutval.

Vedtak

Eldrerådet tilrår at den politiske organiseringa blir som i dag med 3 hovudutval.

Kommunedirektørens tilråding

For kommunestyreperioden 2023 – 2027 vert politisk organisering i tråd med alternativ A i saksopplysningane, dvs eitt hovudutval i tillegg til formannskapet. Hovudutvalet skal ha tilsvarande ansvarsområde som HSU og OKI i dag, dvs politisk ansvar for (folke)helse, sosialtenestar (NAV), barnevern, skjenkesaker, pleie og omsorg, kultursaker, skular og barnehagedrift, klagesaker som gjeld eigedomsskatt og integrering av flyktningar.

Utvalet får nemninga Helse, kultur og oppvekstutvalet – HKO, og skal ha 9 medlemmer.